

I samband med at NIBIO sender ut pressemelding for driftsgranskingar i jord- og skogbruk for heile landet, vil vi supplere med ein del lokale data for Rogaland og Agder.

Driftsresultatet for jordbruket i Rogaland og Agder 2024

Hovudtendens

- **Auke i jordbruksinntekt på Jæren og i Agder og Rogaland andre bygder**
- **Framgang for mjølkeprodusentar i begge regionane**
- **Høg investeringsaktivitet i begge regionane, høgast på Jæren**

Jordbruksinntekta til jærabøndene auka med 16 prosent frå 2023 til 2024. I gjennomsnitt vart jordbruksinntekta til bøndene på Jæren 537 600 kroner per årsverk i 2024. I resten av Rogaland og Agder gjekk jordbruksinntekta opp med 18 prosent, til 477 200 kroner per årsverk.

Nettoinvesteringane i 2024 var i gjennomsnitt 754 200 kroner for bruk på Jæren, 344 600 kroner i Agder og Rogaland andre bygder og 257 000 kroner i gjennomsnitt for landet. Nettoinvesteringane på Jæren er tre gonger så høge som gjennomsnittet for landet, og tredobla samanlikna med 2023, då det var moderat investeringsnivå. I resten av Rogaland og Agder er nettoinvesteringane dobla samanlikna med året før. På Jæren vart det investert mest i driftsbygningar og mjølkekvote medan det vart investert mest i driftsbygningar og jord i resten av Rogaland og Agder.

For jærabøndene auka produksjonsinntektene med 10 prosent. Husdyrinntektene auka med 5 prosent, inntekter frå planteproduksjon auka med 20 prosent og tilskota auka med 25 prosent. Produksjonsinntektene frå grisehald gjekk ned medan inntekter frå fjørfeproduksjonane auka. Inntekter frå storfekjøtt og sau gjekk ned på grunn av lågare pris medan det var stor auke i produksjonsinntektene frå mjølk. Mjølkeinntektene på Jæren auka med 18 prosent, som følgje av auke i pris og omsett mengde. For resten av Rogaland og Agder auka produksjonsinntektene med 14 prosent. Husdyrinntektene auka med 12 prosent, inntekter frå planteproduksjon auka med 15 prosent og tilskota auka med 19 prosent. For Rogaland og Agder andre bygder var det auke i inntekter frå alle dyreslag. Tilskota auka for begge regionar, med stor auke i beitetilskot, produksjonstilskot, drifts- og pristilskot til kumjølk, samt refusjon av avløysarkostnader. Moderat auke i kraftfôrkostnader for Jæren og Andre bygder på høvesvis 4 og 6 prosent, og nedgang i gjødselkostnader, bidrog til positiv utvikling for begge regionane. Summen av kostnader inkludert avskrivningar auka med 7 prosent på Jæren og 11 prosent i resten av Rogaland og Agder. Renteutgiftene auka med 23 prosent på Jæren og 30 prosent i Agder og Rogaland andre bygder, og saman med auke i arbeidsforbruket gjorde det at jordbruksinntekta per årsverk ikkje viste større auke. Arbeidsforbruket på Jæren auka med 4,3 prosent til 2,3 årsverk. I Rogaland og Agder andre bygder auka arbeidsforbruket med 6,7 prosent til 1,8 årsverk.

Jæren

For mjølkeproduksjonsbruka på Jæren auka jordbruksinntekta med 23 prosent samanlikna med året før, til i gjennomsnitt 513 700 kroner per årsverk. Det er fleire årsaker til stor auke i jordbruksinntekt, trass i auke i kostnader på 12 prosent, auke i renteutgifter på 34 prosent og auke i arbeidsforbruk på 7 prosent. Husdyrinntektene auka med 4 prosent og tilskota auka med 33 prosent. Samla sett auka produksjonsinntektene med 17 prosent.

I gjennomsnitt hadde bruka i denne gruppa 37,0 årskyr. Omsett mjølk auka med 6 prosent til 261 400 liter, medan mjølkekvoten var omtrent uendra, på 276 300 liter. Ytinga auka med 401 kg til 7 798 kg per årsku. Mjølkeprisen gjekk opp med 23 øre per liter, og var i gjennomsnitt 7,07 kroner per liter. Dette gav ei auke i mjølkeinntekter på 9 prosent.

Inntektene frå storfekjøtt auka med 12 prosent samanlikna med året før, trass i at prisen gjekk ned med 2,22 kroner per kg kukjøtt og 5,32 kroner per kg anna storfekjøtt. Omsett storfekjøtt auka totalt med 2 prosent, til 9,3 tonn, med auke i omsetning av kukjøtt og nedgang i omsetning av anna storfekjøtt. Omsetning av storfe som livdyr gjekk ned med 62 prosent frå 2023 til 2024. Grovfôrinntektene,

inkludert balanseendringar, auka mykje samanlikna med året før, og var på 88 700 kr per bruk i 2024. Auken skuldast både auka avling og varelager på fleire bruk, og større grovførsal på nye og eksisterande bruk i driftsgranskingane.

Dei variable kostnadene auka med 10 prosent, med størst auke i førkostnader. Faste kostnader inkludert avskrivingar auka med 14 prosent. Nettoinvesteringane auka til 176 700 kroner per bruk, med størst investering i mjølkekvote. Samla gjeld auka med 21 prosent, til 5,8 millionar, medan rentekostnadene auka med 34 prosent. Arbeidsinnsatsen auka med 0,1 årsverk til 2,0 årsverk i 2024.

Bruk med mjølkeproduksjon kombinert med svin eller sauehald på Jæren er to små grupper i driftsgranskingane med høvesvis 10 og 11 bruk i 2024. Endringar på enkeltbruk, eller utskifting av bruk, kan gje store utslag for gruppene. For begge gruppene var det auke i tilskot og inntekter frå mjølkeproduksjonen, medan inntekter frå sal av storfekjøtt gjekk ned. Inntektene frå høvesvis svin og sau gjekk ned samanlikna med året før.

For bruk med kombinert mjølkeproduksjon og svinhald gjekk jordbruksinntekta ned med 4 prosent, til 526 200 kroner per årsverk i 2024. Stor kostnadsauke og auke i arbeidsforbruk bidrog til reduksjon i vederlag per årsverk, trass i auka produksjonsinntekter. Auke i mjølkeinntekter og tilskot bidrog positivt, medan inntektene frå storfekjøtt og svinhald gjekk ned samanlikna med året før. Nedgangen i svinproduksjonen skuldast dels prisnedgang og dels volumnedgang som følgje av utskifting av bruk. Prisen på slaktegris gjekk ned med 2,06 kroner til 35,80 kroner per kg. Smågrisprisen auka med 9 kroner til 1 307 kroner per selde smågris. Arbeidsinnsatsen auka med 0,2 årsverk til 3,0 årsverk i 2024.

Jordbruksinntekta for bruk med kombinert mjølk og sau på Jæren auka med 18 prosent til 406 300 kroner per årsverk i 2024. Produksjonsinntektene auka meir enn kostnadene, på grunn av stor auke i mjølkeinntekter og tilskot. Bruka i denne gruppa hadde i snitt 33,2 årskyr og 94 vinterføra sauer. Prisen på lammekjøtt auka med 1,15 kroner til 67,78 kroner per kg, medan prisen på sauekjøtt gjekk ned med 2,90 kroner til 28,20 kroner per kg. Redusert omsetning av sauekjøtt bidrog til reduksjon i inntektene frå sauehaldet. Arbeidsinnsatsen auka med 5 prosent og utgjorde 2,4 årsverk i 2024.

Investeringsaktiviteten på desse gruppene var svært høg i 2024. For bruk med kombinert mjølkeproduksjon og svinhald var nettoinvesteringa på 1,13 millionar per bruk. Nettoinvesteringa på bruk med kombinert mjølkeproduksjon og sauehald var på 1,5 millionar per bruk. For begge gruppene vart det investert mest i driftsbygningar.

Av dei samla inntektene til familien på Jæren, utgjorde driftsoverskotet frå jordbruket 59 prosent i 2024, 4 prosentpoeng meir enn i 2023. Tilleggsnæringar utgjorde omtrent 4 prosent av dei samla inntektene medan lønsinntekt utgjorde 25 prosent. Resten av inntekta er knytt til skogbruk, anna næring utanom bruket, pensjonar og kapitalinntekter.

Samla gjeld auka med 0,5 millionar kroner frå 2023, og var på 8,3 millionar kroner per bruk på Jæren i 2024. Rentekostnaden auka med 23 prosent til 442 400 kroner.

Maksimalt jordbruksfrådrag har vore 195 000 kroner per bruk frå 2022. Tek ein omsyn til inntektsverkand av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta for bruکا på Jæren 566 200 kroner per årsverk. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget utgjorde 28 600 kroner per årsverk på Jæren. Det er ikkje teke omsyn til inntektsverknaden av jordbruksfrådraget i dei andre resultatmåla.

Agder og Rogaland utanom Jæren

For mjølkeprodusentane i Agder og Rogaland utanom Jæren gjekk produksjonsinntektene opp med 16 prosent. Kostnadene, inklusive avskrivingar, gjekk opp med 13 prosent. Samanlikna med 2023 auka jordbruksinntekta med 55 700 kroner til 404 200 kroner per årsverk i 2024.

Inntekter frå kukjøtt gjekk ned, medan inntekter frå mjølk og anna storfekjøtt gjekk opp og tilskota auka. Årskutalet gjekk opp med 3,6 til 31,8 årskyr. Ytinga per årsku auka med 100 kg til 7 660 kg, og omsett mjølk gjekk opp med 32 500 liter til 223 000 liter. Mjølkeprisen gjekk opp med 37 øre til 6,74 kroner per liter. Produksjonen av storfekjøtt gjekk ned med 6 prosent til 7,5 tonn i 2024. Prisen på kukjøtt gjekk ned med 5,43 kroner til 54,45 kroner per kg, medan prisen på anna storfekjøtt gjekk ned med 5,55 kroner til 61,16 kroner per kg.

Arbeidsinnsatsen auka med 7 prosent, og utgjorde 2,1 årsverk i 2024. Nettoinvesteringa var på 233 900 kroner i snitt i 2024, ein nedgang på 43 prosent samanlikna med året før. Det vart investert mest i

mjølkekvote blant bruka i denne gruppa. Samla gjeld auka med 14 prosent og var på 6,8 millionar i middel per bruk. Rentekostnadene gjekk opp med 37 prosent, til 373 100 kroner.

Jordbruksinntekta for bruk med einsidig sauehald i Agder og Rogaland andre bygder gjekk opp samanlikna med 2023. Jordbruksinntekta var på 225 300 kroner per årsverk, ein auke på 50 300 kroner. Produksjonsinntektene auka med 104 000 kroner trass i nedgang i husdyrinntekter på 7 000 kroner. Det var stor auke tilskot, med størst auke i beitetilskot og refusjon av avløysarutgifter. Kostnadsauken, inkludert avskrivningar, var på 7 prosent, med størst auke i arbeidskostnader og maskinkostnader.

Antal vinterfôra sauer gjekk opp med 4 prosent til 150 vinterfôra sauer i 2024. Omsett sau- og lammekjøt gjekk opp med 3 prosent til i alt 4,6 tonn per bruk. Prisen på sauekjøt var i snitt 24,44 kroner per kg, medan prisen på lammekjøt låg på 67,38 kroner per kg. Det var ein prisreduksjon på 9 prosent for sauekjøt og prisauke på 2 prosent for lammekjøt. Dei variable kostnadene auka med 1 prosent medan dei faste kostnadene inklusive avskrivningar auka med 11 prosent. Arbeidsinnsatsen var stabil på 1,1 årsverk i både 2023 og 2024.

Det var positiv nettoinvestering på 113 650 kroner i snitt per bruk i 2024, etter 2 år med negativ nettoinvestering. Det var mest investering i jord og maskinar. Gjelda gjekk opp med 5,7 prosent til 2,19 millionar kroner, medan rentekostnaden auka med 40 prosent til 129 500 kroner.

Bruk med mjølkeproduksjon kombinert med sauehald i Agder og Rogaland andre bygder oppnådde ei jordbruksinntekt på 477 900 kroner per årsverk i 2024. Dette er ei lita gruppe i driftsgranskingane, med berre 9 bruk i 2024. Endringar på enkeltbruk og utskifting av bruk kan gje store utslag for gruppa. Samanlikna med året før auka jordbruksinntekta med 155 000 kroner per årsverk.

Bruka i denne gruppa hadde i snitt 27,8 årskyr og omsette 189 600 liter mjølk til 6,67 kroner per liter. Inntektene frå mjølk, storfekjøt og sauekjøt auka, trass i reduserte prisar på storfe- og sauekjøt. Prisen på lammekjøt auka, og var på 67,09 kroner per kg i 2024. Bruka hadde i snitt 132 vinterfôra sauer, og omsette 3 000 kg sau- og lammekjøt. Tilskota auka med 25 prosent, med stor auke i beitetilskot og tilskot relatert til mjølkeproduksjon. Kostnadene auka med 13 prosent, med størst auke i leigd arbeidskraft og maskinkostnader. Arbeidsinnsatsen auka frå 2,0 årsverk i 2023 til 2,3 årsverk i 2024. Nettoinvesteringane var i snitt 417 100 kroner, og det vart investert mest i driftsbygningar.

Produksjon av storfekjøt med ammekyr i Agder og Rogaland andre bygder oppnådde ei jordbruksinntekt på 199 100 kroner per årsverk i 2024. Ammekuproduksjon er ei lita gruppe i driftsgranskingane, med berre 9 bruk i 2024. Utskifting av bruk eller endringar på enkeltbruk kan gje store utslag. Endringar i driftsformene i driftsgranskingane har òg påverkar gruppa, ved at storfekjøt på innkjøpte kalvar var inkludert i 2023, men ikkje i 2024. For å analysere utviklinga frå 2023 til 2024, er det teke utgangspunkt i bruk som var med i gruppa begge åra.

For ammekuprodusentane som var med i driftsgranskingane begge åra, var det ein auke i jordbruksinntekt på 4 800 kroner per årsverk frå 2023 til 2024. Husdyrinntektene gjekk ned med 18 prosent som følgje av lågare prisar på storfekjøt og redusert omsetning av livdyr. Tilskota gjekk ned med 2 prosent, medan kostnadene minka med 12 prosent. Det vart levert 3 110 kg storfekjøt i snitt på ammekubruka i 2024, 145 kg meir enn året før for dei same bruka. Prisen på kukjøt gjekk ned med 3,60 kroner til 56,02 kroner per kg, medan prisen på anna storfekjøt gjekk ned med 6,75 kroner til 58,33 kroner per kg. Arbeidsforbruket var stabilt på 1,1 årsverk i 2024. Nettoinvesteringa auka mykje og var på 528 100 kroner per bruk, med størst investering i driftsbygningar. Samla gjeld auka med 696 600 kroner til 3,5 millionar kroner, medan rentekostnaden auka med 53 900 kroner til 161 700 kroner.

Driftsoverskotet frå jordbruket utgjorde 51 prosent av familiens samla inntekter i gjennomsnitt for alle bruka frå Agder og Rogaland andre bygder, 6 prosentpoeng meir enn året før. Tilleggsnæringar utgjorde 8 prosent medan lønnsinntekt utgjorde 30 prosent av familiens samla inntekter. Resten av inntekta er knytt til skogbruk, anna næringsinntekt utanom bruket, pensjonar og kapitalinntekter.

Samla gjeld gjekk opp med 10 prosent frå 2023 til 2024, til 5,1 millionar kroner i Agder og Rogaland andre bygder. Rentekostnadene gjekk opp med 30 prosent til 273 000 kroner.

Tek ein omsyn til inntektsverknad av jordbruksfrådraget, vert den skattekorrigerte jordbruksinntekta for bruka frå dei andre bygdene i Rogaland og Agder 511 800 kroner per årsverk. Inntektsverknaden av jordbruksfrådraget utgjorde 34 500 kroner per årsverk.

Jordbruksinntekt er definert som løn til alt arbeid og rente på egenkapitalen per årsverk, og varierer mellom ulike produksjonar og storleik på bruka.

Skattefordel for bønder er skattelette i form av eit ekstra jordbruksfrådrag i allmenn inntekt. Det blir rekna ein inntektsverknad av skatteletten tilsvarande den inntekta ein må ha for å oppnå same kjøpekraft som skatteletten genererer.

Nettoinvestering er nyanlegg minus avskrivningar, fråsal og investeringstilskot.

Driftsgranskingane i jord- og skogbruk er basert på eit tilfeldig utval av bruk frå heile landet. I 2024 var det i alt 932 bruk med i driftsgranskingane. Bruka frå Rogaland og Agder vert delte inn i to regionar, «Jæren» og «Agder og Rogaland andre bygder». Årsaka er at Jæren har betre grunnlag for jordbruksproduksjon enn resten av Rogaland og Agder. I alt var det med 71 bruk frå Jæren og 86 bruk frå resten av Rogaland og Agder-fylka. Utvalet av bruk som deltek, skal vere representativt for regionen.

Alle dei presenterte resultata er gjennomsnittstal frå større grupper av bruk. Mindre grupper er ikkje presenterte, men er med i gjennomsnittstala. Det er stor spreining i materialet, noko som ikkje kjem fram her. Gjennomsnittstala for dei 157 bruka i Agder og Rogaland gjev likevel ein god peikepinn på korleis den økonomiske utviklinga for jordbruket har vore.


Samla oversikt for 2024

		Tal bruk	Innmarks-areal	Driftsoverskot per bruk		Jordbruksinntekt per årsverk		Skattekorrigert vederlag per årsverk	
				2023	2024	2023	2024	2023	2024
	Rogal./Agder, alle	157	388	769 500	965 800	432 800	509 100	466 900	540 500
Jæren	Jæren, alle	71	392	956 700	1 172 300	462 900	537 600	494 100	566 200
	200-300 daa	12	249	786 600	947 300	429 700	511 900	462 300	544 600
	300-500 daa	16	385	739 100	996 300	364 100	476 300	401 000	510 800
	>500 daa	25	713	1 155 800	1 378 600	410 700	450 600	434 800	474 400
	Mjølkk	20	379	769 400	1 033 400	419 600	513 700	455 600	546 700
	Mjølkk/gris	10	588	1 514 200	1 528 700	547 300	526 200	571 700	550 100
	Mjølkk/sau	11	578	720 700	990 000	343 900	406 300	373 600	435 700
Agder og Rogaland andre bygder	Andre bygder, alle	86	385	635 700	795 300	402 900	477 200	439 900	511 800
	100-200 daa	9	158	259 400	248 000	291 900	353 600	336 600	408 700
	200-300 daa	18	245	398 900	510 300	303 200	325 900	347 700	360 900
	300-500 daa	28	381	638 600	712 600	389 900	419 600	427 800	456 800
	>500 daa	21	710	1 038 400	1 453 200	472 400	628 800	504 100	658 400
	Mjølkk	25	448	676 800	865 600	348 600	404 200	384 700	437 500
	Sau	16	272	154 700	193 900	175 000	225 300	212 300	261 400
	Ammekku	9	305	255 700	234 400	246 700	199 100	295 600	247 300
	Mjølkk/sau	9	512	697 600	1 133 300	322 800	477 900	357 700	507 300

Alle beløpa i tabellen er oppgjevne i nominelle kroner.

Jordbruksinntekt per. årsverk er definert som løn til alt arbeid og rente på egenkapitalen

Jordbruksinntekt per årsverk à 1845 timar i perioden 2015–2024, i 2024-kroner



For fleire opplysningar, kontakt NIBIO Bergen ved:

Førstekonsulent Grete Krossøy Helland, 951 18 680

Seniorrådgjevar Torbjørn Haukås, 476 58 552/992 61 920

E-post : bergen@nibio.no Internett : www.nibio.no